



Nils Gerhard Romarheim
Romarheimsneset 30a
5994 Vikanes

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/7459 - 22/78786

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
anngunn.gullbra@alver.kommune.no

Dato:
14.10.2022

Adresseendring Romarheimsneset 30A-B GBNR 217/40

Administrativt vedtak: Saknr: 1132/22

VEDTAK:

Med heimel i Lov nr 101 av 17. juni 2005 om eigedomsregistrering (matrikkellova) § 21 og tilhøyrande forskrift kap.12, og felles kommunale retningsliner til lovheimelen for kommunar i regionen Nordhordland og Gulen, har Alver kommune gjort følgjande adresseendringar:

Gbnr	Brukseining	Eksisterande adresse/ husnr.	Ny tildelt adresse/husnr.
217/40	H0101	Romarheimsneset 30A	Romarheimsneset 30
217/40	U0101	Romarheimsneset 30B	ingen

Kommunen har registrert vedtaket i det nasjonale adresseregisteret Matrikkelen.

Saka gjeld

I samband med at det er godkjent bruksendring i form av at tidlegare godkjent leilighet i underetasjen er slått saman med hovudbueining, vert det i tillegg til endring av bygningstype frå 112- einebustad m/ hybel/sokkell, til 111-einebustad, også behov for endring av adressene.

Vurdering

Det har vore registrert godkjent buening i underetasjen i dette huset, som har hatt eiga offisiell adresse. Det har då våre brukt bokstavane A og B for å skilja adressene til husnummer 30. Når no bueninga i underetasjen er samanslått med hovudhusveret vert adressa 30B sletta. Retningsliner for adressetildeling seier at det skal ikkje brukast bokstav der det er berre ei adresse til eit husnummer.

Adressa til hovudhusværet vert difor endra frå 30A til berre 30.

Då denne adresseendringa føl direkte av vedtak etter søknad netter Plan og bygningslova, vert adresseendringa gjennomført utan førehandsvarsel.


Tildeling av adresse er i tråd med retningslinjer for adressetildeling, og adresseendring vert difor utført.

Vegen som eigedommen har tilkomst frå har adressenavnet Romarheimsneset.

Endringa er utført i matrikkelen og adresseendringa trer i kraft straks.

Offentlege etatar hentar opplysningar om adresseendringa frå matrikkelen. Eventuelle private kontaktar må de melda adresseendringa til sjølv.

Adressa viser også på kartutsnitt under.



Eigar er ansvarleg for å merke adressa med godkjendt husnummer-skilt med svarte tal på reflekterande botn (sjå døme under).

Husnummer må vere på plass før bygget vert teke i bruk.



I tilfeller der bygget med adresse ikkje synes frå adressevegen er det nødvendig med tilvisingsskilt ved avkøyring til sideveg.

Der eigedommen som har fått adressa strekkjer seg heilt fram til vegen (der avkøyringa er), har eigar sjølv plikt til å setje opp også eventuelt nødvendig tilvisings-skilt.



Du finn meir informasjon om slike skilt på kartverket sine nettsider:

<https://www.kartverket.no/eiendom/adressering/skilting-av-adresser>

Regelverk

- Lov nr 101 av 17. juni 2005 om eigedomsregistrering (matrikkellova) § 21
- Forskrift om eigedomsregistrering (matrikkelforskrifta) Kap. 12.
- Felles kommunale retningslinjer til lovheimelen for kommunar i regionen Nordhordland og Gulen

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «22/7459»

Med vennleg helsing
Alver kommune, Kart og oppmåling

Tommy Veland
Avdelingsleiar

Anngunn Marie Gullbrå
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Nils Gerhard Romarheim

Romarheimsneset 30a

5994

Vikanes